



*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, BirdLife avd. Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og 4 H Møre og Romsdal tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonene mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

Sivilombodet

Molde, 15. april 2024

## FRILUFTSLOVA – ULOVLEG STENGSEL I MOLDE KOMMUNE

Vi viser til tidlegare korrespondanse om friluftsløva og ulovlege stengsel i Molde kommune, seinast ved dykkar brev av 16.05.2018 (dykkar ref 2018/1539) og 06.11.2017 (dykkar ref 2017/3237) og svarbrev frå Molde kommune av 25.05.2018 (med kopi til SIO).

FNF Møre og Romsdal blir stadig tipsa om moglege ulovlege stengsel i fylket. Den seinaste var ein sti/snarveg aust for Træffhuset i Molde kommune meldt inn av oss 12. des. 2023. I dag har vi hatt eit møte med saksbehandlaren (Gjerde) i denne saka i Molde kommune der vi gjorde klart at deira svar i saka av 29.02.2024 ikkje er eit svar på vår førespurnad av 12.12.2023 i det heile. I dette møtet fekk vi forståing for at vurdering av kor vidt dette stengselet er ulovleg etter friluftsløva, ikkje er ei prioritert oppgåve i Molde kommune.

Vi har til no sju (7) uavklarte saker i Molde kommune som er moglege ulovlege stengsel;

Røbekk	09.09.2016
Retiro	09.09.2016
Lillevika	30.09.2016
Kringstad	26.10.2016
Tusten	13.02.2016
Sira bru	26.08.2019
Træffhuset	12.12.2023

Jfr friluftsløvas § 20 ledd c kan brukar eller interessert friluftslag kreve uttalelse av kommunen om eit stengsel, eller annan hindring, eit skilt eller ei kunngjøring er lovleg (jfr § 13). Dette har vi no gjort og tross purringar ventar vi enno på svar frå Molde kommune på saker som vart tekne opp for 8 år sia. **På dette grunnlag ber vi Sivilombodet om hjelp til å få**



**Molde kommune til å vurdere lovlegheita av stengsla i dei sju ovanfornevnte sakene etter friluftslovas § 13 og § 20 og vurderer fjerning av stengsla etter friluftslovas § 40.**

Helsing

Ingbjørn Bredeli

Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi:

Molde kommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Vedlegg:

Brev om ulovleg stengsel ved Røbekk av 09.09.2016

Brev om ulovleg stengsel ved Retiro av 09.09.2016

Brev om ulovleg stengsel ved Lillevika av 30.09.2016

Brev om ulovleg stengsel ved Kringstad av 26.10.2016

Brev om ulovleg stengsel ved Tusten av 13.02.2016

Brev om ulovleg stengsel ved Sira bru av 26.08.2019

Brev om ulovleg stengsel ved Træffhuset av 12.12.2023

Svarbrev frå Molde kommune om stengt snarveg ved Træffhuset av 29.02.2024